

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 41530964

Vår ref.

Sak nr.: 08/5380-25
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

27532/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 07.08.2015

Norges vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Uttale til søknad om planendring for Vigdøla kraftverk i Luster kommune

Ved brev frå NVE av 09.07.2015 har fylkeskommunen fått til uttale ein søknad om planendring frå Statkraft Energi AS. NVE kom med si innstilling til OED i brev av 18.12.2013 basert på ein tidlegare søknad. Fylkeskommunen uttalte seg til denne søknaden 09.11.2011, sak 116/11, og kom med positiv tilråding.

Statkraft har i etterkant av innstillinga frå NVE vurdert at ein mindre installasjon i den planlagde kraftstasjonen vil imøtekomme ønskje om større restvassføring nedstrøms inntaket samtidig som økonomien i prosjektet vert betre. Det siste dreier seg i hovudsak om nye skattereglar for kraftverk med installasjon under 10 MW.

Søknaden som er datert 21.01.2015 vil i hovudsak innebere slike endringar.

- Ny slukeevne i kraftverket vert 1,7 m³/sek mot tidlegare planlagt 3,2 m³/sek.
- Ny installert effekt vert 8,5 MW mot tidlegare planlagt 16 MW.
- Ny årsproduksjon vert 35 GWh mot tidlegare planlagt 49 GWh.

Redusert slukeevne i kraftstasjonen vil bety at meir vatn vil gå til elva på strekninga ned til samløpet med Jostedøla.

Vi vurderer at dei planlagde endringane klart vil ligge innafør ramma av fylkeskommunen sin tidlegare uttale, og har difor ikkje merknader til planendringa.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Norges vassdrags- og energidirektorat

Kopi til: